



DEN NORSKE KYRKJA  
Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### FELLESRÅDSSAKER

Tilstades medlemmer: Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen,  
Hans Erik Waage og Vivian Rognsvåg.

Rune Minde (FaceTime)

Varamedlemmer: Solrunn Gullaksen

Kommunal representant: Silje Sulen Gullaksen

Desse hadde meldt forfall: Tone Sævi

Saksoversikt: F 35 – 37/2019

Innkalling til møte i Fedje sokneråd tirsdag 10. desember kl 18.15,  
kyrkjelydshuset.



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

## Fellesrådssaker:

F 35/19	<b>Godkjenning av innkalling og referat frå 12.11.2019</b>
Vedlegg	Møteboka frå 12.11.2019 Budsjett 2020
<b>Vedtak:</b>	Referat godkjent uten merknader.

F 36/19	<b>Vedk krav om vern av gravminne rundt kyrkja</b>
	<p><u>Framlegg til tilråding:</u> <i>Fedje Sokneråd oppfordrar Fedje kommune til å klargjera forutsetningane for betaling av festeavgift for gravminner som er eldre enn 60 år. Så lenge det ikkje er avklart kva for gravminne som skal bevarast som kulturminne, bør ingen som fester graver som er eldre enn 60 år, betala festeavgift.</i></p> <p>Kommunestyret gjorde i sak 052/18 – den 25.09.2018 vedtak om endring av festeavgiftene. For gravminner mellom 60 og 99 år skal det – etter søknad setjast opp søknad om vidare feste i 5 års bolkar – til ein årleg kostnad på 600 kr. I same vedtaket seier kommunestyret følgjande: «Kommunestyret ber rådmannen om å koma attende med ei sak for å drøfta ulike måtar å sikra gravene rundt kyrkja, som kulturminne, Inntil vidare skal desse gravsteinane stå.»</p> <p>Kyrjekontoret har fått reaksjonar frå festarar som opplever det urimeleg å betala festeavgift for gravminner som er over 60 år, samstundes som dei er fråtekne sitt eige val om eit gravminne skal slettast eller ikkje. Dei som ønskjer å sletta ei grav som er over 60 år får heller ikkje fjerna gravminnet, men vil sleppa å betala festeavgift.</p> <p><u>Drøfting:</u> Dette vedtaket har ført til at festarar som ønskjer å sletta graver over 60 år ikkje får gjort dette. Det vil oppfattast som urimeleg om fellesrådet i ein slik situasjon sender ut krav om festeavgift til festarar som ønskjer å sletta men likevel ikkje får gjort dette. Gravminne som skulle vore sletta vert likevel ståande, på grunn av eit kommunalt vedtak som seier noko om at dei først må vurderast som kulturminne. På den andre sida har ein festarar som ønskjer å behalda sine gravminne over 60 år. Dei betalar festeavgift, sjølv om dei i praksis er fråtatt valfridomen om dei ønskjer å sletta ei grav eller ikkje. Ingen av partane får sletta sine graver, før det er gjort ei vurdering om dei er verneverdige eller ikkje. Spørsmålet som då reiser seg er om det</p>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

	er rimeleg at dei som ønskjer å behalda sine gravminne over 60 år skal betala festeavgift, medan dei som vil sletta sine graver, slepp å betala avgift. For begge sine vedkommande vert gravminna ståande.
<b>Vedtak:</b>	Soknerådet sender sak 36/19 tilbake til kommunestyret. Kyrkjeverje utreder for rådmann kva punkt som må avklarast for så at det blir meldt opp ny sak til kommunestyret.

<b>F 37/19</b>	<b>Budsjett 2020</b>
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd godkjenner framlegg til budsjett 2020 slik det ligg føre.</i></p> <p><u>Bakgrunn:</u> Rådmannen opplyser i mail til kyrkjeverja 17.11.2019 at Fedje sokn får tildelt rammetilskot til drift på kr 1.227.000,-. Det har vore vanskeleg å finna gode nok opplysningar om tidlegare budsjett. Eg fann likevel eit budsjettoppsett for 2019, som skal ha vore vedtatt i soknerådet 23.oktober 2018. Dette budsjettvedlegget har vore brukt som utgangspunkt for budsjettframlegget som ligg til grunn for dette vedtaket.</p> <p>Budsjettet balanserar slik det no er lagt til grunn. Det er ikkje tatt omsyn til avskrivingar. Dette ville uansett ikkje ha påverka balansen i budsjettet. Budsjettet manglar også stipulert verdi på tenesteytingsavtalen med kommunen. Ei slik kalkulert verdifastsetjing ville heller ikkje ha påverka balansen i budsjettet, sidan ei slik verdifastsetjing har ein inntekts og utgiftspost som går opp i opp. Rådmannen sitt framlegg til budsjetttramme er etter kyrkjeverja si vurdering nøkternt og til å leva med.</p>
<b>Vedtak:</b>	Framlegg til budsjett vert godkjent slik det ligger føre. Soknerådet ønskjer ein budsjettoversikt for 2020, fortrinnsvis kvartalsvis eller pr. 6 mnd. Soknerådet ber kyrkjeverje innlede ei drøfting med rådmann om ei evt. deling av utgiftene til Akasia.



**DEN NORSKE KYRKJA**

Fedjekyrkja

## MØTEBOK

### SOKNERÅDSSAKER

Tilstades (medlemmer): Anna Marit Storemark, Grete Herøy, Edvard Koppen, Hans Erik Waage og Vivian Rognsvåg.

Rune Minde (FaceTime)

Varamedlemmer: Solrunn Sulen Gullaksen

Forfall: Tone Sævi

Saksoversikt: S 38 – 41/2019

Møteboka er ført i samsvar med det som kom fram i møtet:

S 38/19	<b>Godkjenning av innkalling og referat frå 12.11.2019</b>
Vedlegg	Referat frå 12.11.2019
<b>Vedtak:</b>	Innkalling til møtet godkjent utan merknader.

S 39/19	<b>Orientering</b>
	<ul style="list-style-type: none"><li>• Orientering om dialog med G 2 komiteen.</li></ul>



# DEN NORSKE KYRKJA

Fedjekyrkja

S 40/19	<b>Kyrkjeofringane første halvår 2020:</b>
	<p><u>Framlegg til vedtak:</u> <i>Fedje sokneråd vedtar framlegget til kyrkjeofringar som følger:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 12.01 – Gudsteneste kl 11.00 – Misjon uten grenser.</li><li>• 26.01 – Gudsteneste kl 16.30 – Normisjon</li><li>• 16.02 – Gudsteneste kl 16.30 – Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 08.03 – Gudsteneste kl 16.30 – Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 29.03 – Gudsteneste kl 11.00 – Bibelselskapet</li><li>• 09.04 – Gudsteneste (skjærtorsdag kl 11.00 – NMS</li><li>• 12.04 – gudsteneste (påskedag) kl 16.30 – Fjon Fjellkyrkje</li><li>• 03.05 - Gudsteneste kl ? – Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 17.05 – Gudsteneste kl 11.00 – Redd Barna</li><li>• 30.05 – Konfirmasjonsgudsteneste – Kyrkjelydsarbeidet</li><li>• 07.06 – Gudsteneste kl 11.00 – Kirkens SOS</li><li>• 05.07 – Gudsteneste kl 16.30 – (fiskefestval?) – Sjømannskyrkja</li></ul> <p><u>Bakgrunn:</u> Anna Marit Stormark og Grethe Herøy har hatt ein gjennomgang av offersøknadane, ut frå ein samlesøknad sendt ut frå sentralt hald. Framlegget er med dette framsett her.</p>
<b>Vedtak</b>	Kyrkjeofringane for første halvår 2020 vert vedteke slik dei ligg føre.

S 41/19	<b>Møteplan første halvår 2020</b>
<b>Vedtak</b>	Møteplan for første halvår 2020: 4. februar 24. mars 5. mai 17. juni